



Stølsheimen landskapsvernombåde i Sogn og Fjordane utvides

Kongen har i Statsråd vedteke å utvide Stølsheimen landskapsvernombåde med Finden og Finnafjorden i Vik kommune. Utvidinga er på om lag 4 km².

Initiativet til utvidinga kom frå grunneigarane.

Finnafjorden er ein sentral del av Stølsheimen landskapsvernombåde og er den einaste staden der landskapsvernombådet går ned i havnivå.

Verneframlegget gjer at heile Finnafjorden kjem med i Stølsheimen landskapsvernombåde. Finnafjorden utgjer eit heilskapleg fjordlandskap med både urørt natur og eit verdfullt kulturlandskap som det vil vere av stor verdi at kjem med i landskapsvernombådet. Finnafjorden er den einaste fjordarmen til Sognefjorden som er heilt utan bilveg.

Det er i dag aktiv gardsdrift på Finden med 100 mjølkegeiter. Kulturlandskapet og bygningsmiljøet på garden er ein svært viktig del av opplevinga i Finnafjorden, og kulturlandskapet på Finden er verdfullt.

Finden er ein av mange innfallsportar til Stølsheimen. Her må ein i båt for å kome til og frå. Heile planområdet har stor verdi for friluftsliv, særleg fottur og båtliv. Området er også leveområde for arter på den norske raudlista.



FOTO: TOM DYBWAD

Stølsheimen landskapsvernombåde vart oppretta i 1990. Området har stor variasjon i naturkvalitetar, der overgang frå fjord til fjell, mange vatn, elvar og høge fossar og fleire stølar til saman gjer ei rik naturoppleveling.

Innhaldet i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernombåde er ikkje endra i samband med utvidinga, men det er kome med nokre tillegg som gjeld fjorden.. Det nye arealet for Stølsheimen landskapsvernombåde er på 377 km².




FOTO: TOM DYBWAD